



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 16.10.2025
Møtetid: 16:00 -22:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Synne Thunestvedt	Medlem	SV
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP
Trygve Tønnessen	Medlem	FRP

Fast medlemmer med forfall

Namn	Rolle	Parti
Helge Valestrand Edvardsdal	MEDL	SP
Jarle Skeidsvoll	MEDL	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ann Kristin Åkerlund Riise		KRF
Kjellaug Hartveit		SP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær

Kommunedirektør

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur

Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial

Ekstra informasjon til møte:

I starten av møtet vart det halde spørjetime, jmf. Politisk Styringstryktur og reglement §20. Fotlandsvåg Grendaråd hadde meldt inn spørsmål om retningslinjer knytt til kommunale leikeplassar. Sjå spørsmål og svar vedlagt protokollen.

Etter handsaminga av sak PS 83/25 fekk Trygve Tønnesen permisjon for resten av møtet. På grunn av kort varsel vart det ikkje funne varamedlem.

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 79/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 80/25	Godkjenning av møtebok 18.09.2025
RS 42/25	Møteutskrift kontrollutvalet sak 27/25
RS 43/25	Orientering om skulefråvær
RS 44/25	IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 17. september 2025
RS 45/25	Resolusjoner vedtatt på landskonferansen for fylkeseldreråd i Rogaland juni 2025
RS 46/25	Løypemelding om Kommunedelplan for kulturmiljø
RS 47/25	Protokoll Osterøy kontrollutval 23.09.25
PS 81/25	Krav om sak på saklista frå Herdis Helle(Ap)
PS 82/25	Busetting av flyktningar 2026
PS 83/25	Revidert investeringsbudsjett 2025
PS 84/25	Reduksjon av driftskostnader 2025
PS 85/25	Rammeplan for Osterøy Kulturskule
PS 86/25	Forskrift om hovedmål i skulane i Osterøy kommune
PS 87/25	Kvalitetsmelding for skule 24/25
PS 88/25	Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy kommune
PS 89/25	Forskrift om permisjon og fråvær i skulen
PS 90/25	Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste
PS 91/25	Retningslinjer for fritidskasse til endelig vedtak
PS 92/25	Handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2029
PS 93/25	Forlenging av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
PS 94/25	Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial med høyringsinnspel
PS 95/25	Oppstart av KDP Naturmangfald 2025 - 2035

PS 96/25 TV-aksjonen 2025

PS 97/25 Supplering av medlem/varamedlem for SV

PS 98/25 Andre saker/spørsmål

Lars Fjeldstad

Ordfører

PS 79/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 79/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 79/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

PS 80/25 Godkjenning av møtebok 18.09.2025

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 80/2025 Godkjenning av møtebok 18.09.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 18.09.2025 vert godkjend.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 80/2025 Godkjenning av møtebok
18.09.2025:

Møtebok frå 18.09.2025 vart godkjend.

RS 42/25 Møteutskrift kontrollutvalet sak 27/25

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Protokollmerksnad frå Herdis Helle(Ap):

Føresegna kontrollutvalet syner til i forvaltningslova i vedtaket sitt, gjev ikkje heimel for å pålegge mellombels skulebyte. Kommunedirektøren bør undersøke – med tanke på eventuelle seinare saker – kva som er heimelen i opplæringslova for å pålegge ein eller flerie elevar å gå på ein anna skule enn nærskulen sin, permanent eller mellombels.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RS 43/25 Orientering om skulefråvær

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek orienteringa til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RS 44/25 IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 17.
september 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RS 45/25 Resolusjoner vedtatt på landskonferansen for fylkeseldreråd i Rogaland juni 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RS 46/25 Løypemelding om Kommunedelplan for kulturmiljø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

RS 47/25 Protokoll Osterøy kontrollutval 23.09.25

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Teken til vitande.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

PS 81/25 Krav om sak på sakslista frå Herdis Helle(Ap)

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 81/2025 Krav om sak på sakslista frå Herdis Helle(Ap):

Framlegg til vedtak frå Herdis Helle(Ap):

Osterøy kommunen skal ikkje lyse ut pris- og designkonkurranse for Omsorg Pluss og nytt legesenter før heradsstyret har vedtatt budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029.

Votering etter reglementet §10-1 om saka skal handsamast eller ikkje:

Votering:

Røyster mot handsaming: 17: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Frode Flesland (Sp), Gerd Karin Njaastad (Sp), Janne Daltveit Tveit (Sp), Johannes Haugland (Sp), Kjellaug Hartveit (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V).

Røyster for handsaming: 10: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ragnar J. Tyssebotn (Frp), Ruben Nielsen (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Trygve Tønnessen (Frp), Roy Husebø (INP).

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 81/2025 Krav om sak på sakslista frå Herdis Helle(Ap):

Saka vert ikkje handsama

PS 82/25 Busetting av flyktningar 2026

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 82/2025 Busetting av flyktningar 2026:

1)Innstilling: Formannskapet 10.09.2025

Osterøy kommune buset 25 flyktningar i 2026.

Dette blei sett opp mot:

2) Kim Andre Hartveit (Fremskrittspartiet) fremma følgjande forslag:

Osterøy kommune tar imot 0 flyktninger i 2026 grunna økonomi og mangel på leiligheter\hus.

Lars Fjeldstad (Senterpartiet) fremma følgjande tilleggsforslag:

Heradsstyret ber kommunedirektøren å utarbeida ein 4-årsplan for mottak av flyktningar å legge den fram i samband med handsaming av mottak av flyktningar i 2026.

Votering:

Røyster for forslag 1: 19: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Frode Flesland (Sp), Gerd Karin Njaastad (Sp), Janne Daltveit Tveit (Sp), Johannes Haugland (Sp), Kjellaug Hartveit (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V).

Røyster for forslag 2: 8 Ann Helen Solberg (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ragnar J. Tyssebotn (Frp), Ruben Nielsen (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Trygve Tønnessen (Frp), Roy Husebø (INP).

Røyster for tilleggsforslag: 22: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ruben Nielsen (Frp), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Roy Husebø (INP), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Frode Flesland (Sp), Gerd Karin Njaastad (Sp), Janne Daltveit Tveit (Sp), Johannes Haugland (Sp), Kjellaug Hartveit (Sp), Lars Fjeldstad (Sp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V).

Røyster mot tilleggsforslag: 5: Ann Helen Solberg (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Ragnar J. Tyssebotn (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Trygve Tønnessen (Frp).

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 82/2025 Busetting av flyktningar 2026:

Osterøy kommune buset 25 flyktningar i 2026.

Heradsstyret ber kommunedirektøren å utarbeida ein 4-årsplan for mottak av flyktningar å legge den fram i samband med handsaming av mottak av flyktningar i 2026.

PS 83/25 Revidert investeringsbudsjett 2025

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 83/2025 Revidert investeringsbudsjett 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2025 si ramme vert redusert med kr. 12 820 000,-

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Etter handsaminga av sak PS 83/25 fekk Trygve Tønnesen permisjon for resten av møtet. På grunn av kort varsel vart det ikkje funne varamedlem.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 83/2025 Revidert investeringsbudsjett 2025:

Investeringsbudsjettet for 2025 si ramme vert redusert med kr. 12 820 000,-

PS 84/25 Reduksjon av driftskostnader 2025

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 84/2025 Reduksjon av driftskostnader 2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innsparingstiltak blir vedteke i Heradsstyret slik dei er beskrevet i oppstilling

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 84/2025 Reduksjon av driftskostnader 2025:

Innsparingstiltak blir vedteke i Heradsstyret slik dei er beskrevet i oppstilling

PS 85/25 Rammeplan for Osterøy Kulturskule

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 85/2025 Rammeplan for Osterøy Kulturskule:

Innstilling frå Levekårsutvalet 30.09.2025

Rammeplan og retningslinjer for Osterøy Kulturskule vert vedteke slik det ligg føre.

Kulturskulen skal aktivt saman med skule arbeide for å løfte dei praktisk estetiske faga.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 85/2025 Rammeplan for Osterøy Kulturskule:

Rammeplan og retningslinjer for Osterøy Kulturskule vert vedteke slik det ligg føre.

Kulturskulen skal aktivt saman med skule arbeide for å løfte dei praktisk estetiske faga.

PS 86/25 Forskrift om hovedmål i skulane i Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 86/2025 Forskrift om hovedmål i skulane i Osterøy kommune:

Innstilling frå Levekårsutvalet 30.09.2025

Forskrifta vert godkjend slik den ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 86/2025 Forskrift om hovedmål i skulane i Osterøy kommune:

Forskrifta vert godkjend slik den ligg føre.

PS 87/25 Kvalitetsmelding for skule 24/25

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 87/2025 Kvalitetsmelding for skule 24/25:

Innstilling frå Levekårsutvalet 30.09.2025

Kvalitetsmeldinga for skule vert tatt til vitande.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 87/2025 Kvalitetsmelding for skule 24/25:

Kvalitetsmeldinga for skule vert tatt til vitande.

PS 88/25 Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 88/2025 Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy kommune:

Innstilling frå Levekårsutvalet 30.09.2025

Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy kommune vert vedteke slik den ligg føre

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 88/2025 Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy kommune:

Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy kommune vert vedteke slik den ligg føre

PS 89/25 Forskrift om permisjon og fråvær i skulen

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 89/2025 Forskrift om permisjon og fråvær i skulen:

Innstilling frå Levekårsutvalet 30.09.2025

Forskrift om permisjon og fråvær i skulen vert vedteke slik det ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 89/2025 Forskrift om permisjon og fråvær i skulen:

Forskrift om permisjon og fråvær i skulen vert vedteke slik det ligg føre.

PS 90/25 Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 90/2025 Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste:

Innstilling frå Levekårsutvalet 30.09.2025

Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste vert teken til vitande.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 90/2025 Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste:

Tilstandsrapport for Sørfjorden barnevernsteneste vert teken til vitande.

PS 91/25 Retningslinjer for fritidskasse til endelig vedtak

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 91/2025 Retningslinjer for fritidskasse til endelig vedtak:

Innstilling frå Formannskapet 10.09.2025

Retningslinjer for fritidskasse vert vedteke slik dei ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 91/2025 Retningslinjer for fritidskasse til endelig vedtak:

Retningslinjer for fritidskasse vert vedteke slik dei ligg føre.

PS 92/25 Handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2029

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 92/2025 Handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2029:

Innstilling frå Formannskapet 10.09.2025

Handlingsprogrammet med tiltaka i prioritert rekkefølge vert vedteken slik det ligg føre.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 92/2025 Handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026-2029:

Handlingsprogrammet med tiltaka i prioritert rekkefølge vert vedteken slik det ligg føre.

PS 93/25 Forlenging av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 93/2025 Forlenging av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for Idrett og fysisk aktivitet vert forlenga ut 2030.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 93/2025 Forlenging av kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet:

Kommunedelplanen for Idrett og fysisk aktivitet vert forlenga ut 2030.

PS 94/25 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial med høyringsinnspel

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 94/2025 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial med høyringsinnspel:

Innstilling frå Levekårsutvalet 10.09.2025

Planprogrammet vert vedteke med dei endringane som går fram av saksutgreiinga

Planen skal til innstilling i levekårsutvalet og ikkje i formannskapet.

Levekårsutvalet fungerer som arbeidsgruppe i planarbeidet.

Forklaring: Levekårsutvalet får planen på sakskartet kvart møte, og får moglegheita til å drøfte aktuelle problemstillingar og gi naudsynte politiske avklaringar.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 94/2025 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial med høyringsinnspel:

Planprogrammet vert vedteke med dei endringane som går fram av saksutgreiinga

Planen skal til innstilling i levekårsutvalet og ikkje i formannskapet.

Levekårsutvalet fungerer som arbeidsgruppe i planarbeidet.

Forklaring: Levekårsutvalet får planen på sakskartet kvart møte, og får moglegheita til å drøfte aktuelle problemstillingar og gi naudsynte politiske avklaringar.

PS 95/25 Oppstart av KDP Naturmangfald 2025 - 2035

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 95/2025 Oppstart av KDP Naturmangfald 2025 - 2035:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 27.08.2025:

Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for naturmangfald i Osterøy kommune 2025-2035. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for naturmangfald i Osterøy kommune 2025-2035 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

Heradsstyret bed plan- og kommunalteknisk utval ivareta den politiske oppfølginga av arbeidet med denne planen. Dette inkluderar å innstilla forslag til plan direkte overfor heradsstyret. PKU vert og beden om å ivareta involvering av dei partia som ikkje har eigne representantar i utvalet. I referansegruppa skal og representantar for landbruk og næringsliv takast med.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 95/2025 Oppstart av KDP Naturmangfald 2025 - 2035:

Oppstart av planarbeid av Kommunedelplan for naturmangfald i Osterøy kommune 2025-2035. Utkast til Planprogram for kommunedelplan for naturmangfald i Osterøy kommune 2025-2035 vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn, jf. PBL § 11-13

Heradsstyret bed plan- og kommunalteknisk utval ivareta den politiske oppfølginga av arbeidet med denne planen. Dette inkluderar å innstilla forslag til plan direkte overfor heradsstyret. PKU vert og beden om å ivareta involvering av dei partia som ikkje har eigne representantar i utvalet. I referansegruppa skal og representantar for landbruk og næringsliv takast med.

PS 96/25 TV-aksjonen 2025

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 96/2025 TV-aksjonen 2025:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune gir kr 10.000 til TV-aksjonen 2025.

Votering:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 96/2025 TV-aksjonen 2025:

Osterøy kommune gir kr 10.000 til TV-aksjonen 2025.

PS 97/25 Supplering av medlem/varamedlem for SV

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 97/2025 Supplering av medlem/varamedlem for SV:

Framlegg til vedtak frå SV:

1. Eldrerådet, Medlem: Synne Thunestvedt(Sv)
2. Plan- og kommunalteknisk utval, vara nr 1: Synne Thunestvedt(Sv)
3. Formannskapet, vara nr 2: Synne Thunestvedt(Sv)
4. Samarbeidsutval i barnehage(Valestrand), medlem: Synne Thunestvedt(Sv)
5. Klagenemnd for eigedomsskatt, vara nr 4: Synne Thunestvedt (Sv)

Votering:

Framlegg til vedtak frå SV vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 97/2025 Supplering av medlem/varamedlem for SV:

1. Eldrerådet, Medlem: Synne Thunestvedt(Sv)
2. Plan- og kommunalteknisk utval, vara nr 1: Synne Thunestvedt(Sv)
3. Formannskapet, vara nr 2: Synne Thunestvedt(Sv)
4. Samarbeidsutval i barnehage(Valestrand), medlem: Synne Thunestvedt(Sv)
5. Klagenemnd for eideomsskatt, vara nr 4: Synne Thunestvedt (Sv)

PS 98/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 98/2025 Andre saker/spørsmål:

Fotlandsvåg Grendaråd hadde meldt inn spørsmål om retningslinjer knytt til kommunale leikeplassar.

Spørsmål: Har eller skal kommunen utarbeide felles retningslinjer og rutine for korleis Osterøy kommune driftar og vedlikeheldt kommunale leikeplassar?

Bakgrunn for spørsmål: Fotlandsvåg grendaråd kontakta kommunen i april 2024 anågande leikeplassen i Fotlandsvåg sentrum, som Osterøy kommune eig, og informerte om behov for tilstandssjekk. Dette førte til at kommunen bestilte ein leikeplasskontroll, i denne kom det fram at leikeplassen ikkje var i forsvarleg stand og det var tilrådd utbetringar.

Tilbakemelding frå kommunen etter kontrollen var at det ikkje var mogleg å gjere noko i innverande budsjettår, men at problemstillinga skulle takast opp i neste budsjettprosess. Etter fleire e-postar vår og sommar 2025, har me fått beskjed om at dette ikkje vart gjort grunna krevjande budsjettprosessar i kommunen.

I august 2024 fekk me beskjed om at spørsmålet om kommunale leikeplassar skulle takast med i arbeidet med eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg og liknande. Då me møtte opp på informasjonsmøtet i august 2025, vart det klart at leikeplassar ikkje er ein del av denne prosessen likevel.

Me veit at økonomien i kommunen er krevjande, og me har forståing for at det er utfordrande budsjettprosessar. Samstundes ser me gjennom vedtaket om ekstra bevilgningar til ny leikeplass på Valestrand at kommunen ønskjer å satsa på gode nærmiljø for barn og unge. Det gir oss tru på at dette kan vere starten på ei avklaring om korleis kommunen vil handtera drift og vedlikehald av kommunale leikeplassar.

Ei slik avklaring vil vere i tråd med Kommunedelplan for oppvekst – handlingsdel 2019 der

eit tiltak er "Utarbeida lokal rettleiar for leikeplassar og uteområder" under strategien "Sikre tilgjengelege, innbydande, vedlikehaldne og varierte møte- og leikeplassar plassar med god kvalitet". s.9.

Svar:

Kommunen har ikkje felles retningslinjer for korleis vi driftar og held kommunale leikeplassar ved like. Slik situasjonen er no har kommunen ingen konkrete planar om å få utarbeidd slike retningslinjer.

Bakgrunnen for dette er at kommunen har ein krevjande økonomi og derav avgrensa med midlar og ressursar. Kommunen meiner difor at ein framover må avgrensa leikeplassar i kommunal regi til det som er ein del av dei kommunale skulane og barnehagane. Det kan leggjast til at dei aller fleste leikeplassar vi har i dag er knytt til skular og barnehagar.

Når det gjeld leikeplassen i Fotlandsvåg konkret tok kommunen på seg kostnaden ved å gjennomføra leikeplasskontroll. Kontrollen avdekte ein del forhold som må rettast opp for at denne skal vera ihht forskrift. Som det rett blir peika på i spørsmålet har kommunen ikkje funne midlar til dette i 2004 eller 2025. Kommunen vil på ny invitera til ein dialog med grendarådet med tanke på om dei vil utbetra manglane med eigen innsats og midlar, så vil kommunen ta på seg kostnaden ved ein etterkontroll.

Når det gjeld leikeplass i Valestrand som det vert referert til er dette knytt opp til eit rekkjefølgjekrav i eit kommunalt prosjekt (Reigstad). Utbygging av leikeplassar og annan infrastruktur gjennom bruk av rekkjefølgjekrav er eit verkemiddel for å utvikla gode nærmiljø. Kommunale prosjekt vert behandla på linje med andre prosjekt i så måte. Og når det gjeld Valestrand vil framtidig drift og vedlikehald måtte knytast opp til lokale krefter som til dømes grendalag.

Til slutt vil kommunen tilrå at ein i større grad framover vurderer om det er meir hensiktsmessig å byggja ut nærmiljøanlegg i staden for leikeplassar.

Forskjellen på desse to er at leikeplassapparat stiller høgare krav til kontroll enn nærmiljøanlegg. Ein kan heller ikkje søkja tilskot til leikeplassar, men nærmiljøanlegg har moglegheit for dette gjennom spelemidelordninga. Utfordringa er at nærmiljøanlegg er tenkt for aldersgruppa 6 – 19 år, og det er ein del vilkår ein må følge i byggeprosessen for å få tilskot.

Kommunen vil bidra til å informera om denne moglegheita og rettleia dei som ønskjer det.

Representanten Alexander Thunestvedt(Ap) har stilt følgjande spørsmål:

1. Risikotabellen seier at det er høgt sannsyn for at me kjem til å mangle eigna bustad og høgt sannsyn for manglande tilgang på norskundervisning. 2. I vurderinga vert det sagt at "Den enkelte flyktning er tent med at kommunen først vurderer tilgang på bustad." Er det mogleg å få ein utdjupeing på dette. Er sannsynet for at me ikkje har eigna bustadar til 25 flyktningar høgt?

3. Kva ville ein reduksjon i antallet flyktningar fra 25 til 15 betydd for dei nevnte risikoane og kompetansen i organisasjonen?
4. Finst det tal på kva som skjer med flyktningane me har busett? Vert dei buande i kommunen eller flyttar dei vidare?

Svar på spørsmåla: 1) Bustader er alltid ein utfordring, men den er ikkje høgare i 2026 enn den har vore i alle år vi har busett flyktningar. Gjennom tabellen har vi nok fått synleggjort det i større grad enn tidlegare. Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap er eit eige tilskot som òg dekkar personar som ikkje har flyktningstatus (som familiesameinte). Dette har over fleire år hatt betydeleg dårlegare dekningsgrad når det gjeld faktiske kostnader (drift) enn integreringstilskotet. Norskundervisning må vi ha uansett for dei som har lovfesta rett, og med fleire elevar (flyktningar) vil vi få dekkja meir av utgiftene. I praksis vil det få negative konsekvensar for norsktilbodet viss vi tar imot færre flyktningar.

2) Her er det meint at kvar gang kommunen får førespurnad om å busette ein flyktning, så vurderer ein om ein har bustad før ein takkar ja eller nei til å busette den konkrete flyktningen ut frå dei behova/familiesamansetninga vi får. Det betyr at vi inn i mellom avviser førespurnad om busettingar på individnivå på grunn av mangel på bustad "her og no" til "akkurat denne personen", utan at det betyr at ein busett færre enn ein har vedteke totalt sett. Ein del av dei som blir meldt inn med stort behov for tilrettelagt bustad og medisinsk oppfølging bli avvist etter ei totalvurdering av kommunal kapasitet.

3) Risikoane vil ikkje endre seg når det gjeld bustadfordeling, fordi det er fortløpande vurderingar gjennom heile året som vi melder inn til IMDI, og dei fordeler etter flyktningane sine behov. Osterøy integrerings- og læringssenter tilpassar heile vegen utgiftene til inntektene, men ein ytterlegare reduksjon frå 25 til 15 vil medføre så pass store endringar at ein ikkje vil klare å tilpasse utgiftene fort nok. Det vil vere kritisk for kompetansen i organisasjonen med ein så pass stor reduksjon. Administrasjonen ber politisk heller om å signalisere gjennom økonomiplanen kva vil skal budsjettere med for kvart år dei neste 4 åra. Nye prognosar frå UDI viser at tal Ukrainarar som kjem til Norge aukar igjen. Det er kome invitasjon til eit informasjonsmøte om dette 24. oktober. Her vil vi òg få eit frampeik på korleis tala for 2026 vil sjå ut.

4) Dette er det vanskeleg å svare på med så kort frist. Generelt kan vi seie at mange blir, men at det er for tidleg å seie noko om ukrainarar fordi dei framleis lever på midlertidig opphald (dette blir endra etter nyttår). Omtrent 20 % av dei vi har busett av ukrainarar har reist vidare, men fleire av dei som flyttar ut av kommunen ynskjer seg tilbake etter ei tid. Eit heilskapleg/oppsummerande svar: Det talet administrasjonen foreslår kommunen skal busette, vert foreslått som "det beste alternativet" gjeve alle faktorar. Det vil sei eksempelvis bustad, norskopplæring, mogelegheit for jobb, inkludering i samfunnet elles, tilskot (både integreringstilskot og norsktilskot), samt utviklinga i ankomsttal på nasjonalt nivå.

Representanten Herdis Helle (Ap) har stilt følgjande spørsmål:

1. Kan heradsstyret få tilsvarende tal som syner tensteproduksjon og effektivitetscore for denne sektoren for 2024, samt estimat for 2025?
2. Var effektivitetsreduksjonen eit forbigåande 'fenomen' eller har utviklinga endra seg i positiv eller negativ retning, eventuelt stabilisert seg?

Svar på spørsmåla:

1. Det er å anta at det vil kome nye analyser frå Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026. Resultata som ligg over vart publisert 15.januar 2025 frå dette departementet. Dersom vi skal samanlikne tal, må vi sikre oss at vi har rett informasjon om grunnlaget, slik at vi samanliknar på rett grunnlag. Det har ikkje latt seg gjere å få fram sikre tal som kan vise ein effektivitetsscore for helse, omsorg og sosial for 2024. Men det er likevel gjort ei vurdering, i svaret på neste spørsmål, for åra 2022 –2025. Desse vurderingane baserer seg på informasjon som ligg i årsrapportane for helse, omsorg og sosial i denne perioden.

2. Måling av effekt er komplekst med mange indikatorar. Størst betydning for driftsbudsjettet er lønsutgifter og kjøp av eksterne tenester. For å synleggjere dei største kostnadane som har hatt størst betydning er dei framstilt under pr år og i hovudsak gjeld det løn og kjøp av tenester.

Framover vil kostnadar knytt til løn og kjøp av institusjonsplassar i andre kommunar/liggedøger i spesialisthelsetenesta auke. Dette er som direkte følge av auke i tenestemottakarar framover.

Året 2022

Sektoren hadde lågare kostnadar enn 2023 på bakgrunn av mellom anna desse faktorane:

- Vakant nestleiarstilling
- Gruppe 5 på Osterøytunet var stengt. Men det var kostnadar for 777 liggedøger i spesialisthelsetenesta/kjøp av plassar i 2022. Liggedøger i spesialisthelsetenesta kosta 3,4 mill
- Høgt sjukefråvær i alle einingane. Vikarar og vikarbyrå kostnadar på 8,8 mill
- 246,88 årsverk på 373 tilsette Nokre hendingar ga auka kostnadar:
- Oppretting av nytt butiltak i bu og avlastingstenesta 2:1
- bortfall av inntekt på ressurskrevjande

Året 2023 Sektoren hadde auke i kostnadar på bakgrunn av mellom anna desse faktorane:

- Kjøp av institusjonsplassar og liggedøger i spesialisthelsetenesta på 6 mill.

- Høgt sjukefråvær i alle einingane Vikarar og vikarbyrå 13 millionar kroner.
- Vikarleige 4, 2 mill
- Ein nestleiar med heilårseffekt og ein nestleiar med halvårseffekt
- Auke i bemanning frå 2:1 til 3:1 i eitt butiltak i Bu og avlastiningstenesta
- Omlegging av tenester i psykisk helse og rusomsorg over på meir forebyggjande arbeid td kursverksemd. Forebyggjande arbeid som kursverksemd blir ikkje teljande som timar knytt til pleie og omsorg og fell difor ut av statistikken. Det gjer at denne eininga får færre «teljande» timar i 2023 enn i 2022. Dette er viktig når ein skal vurdere effekt opp mot timar til pleie og omsorg.
- 267,23 årsverk på 393 tilsette
- Kostnadar knytt til implementering av nytt journalsystem

OBS: i 2023 hadde sektoren overgang til nytt journalsystem –implementering av nytt system kan gje usikre tal for 2023 knytt til journalsystemet. 2023 tala frå journalsystemet har ikkje blitt nytta som styringsindikator pga implementeringa dette året. Over 400 brukarar skulle lære seg eitt nytt system og systemet er avhengig av korrekt input for å kunne bli nytta som eit godt styringsverktøy. Utfordring med tal frå tidlegare journalsystem: Kommunen fekk nytt journalsystem i 2023 og dersom tala for 2022 skal hentast ut må leverandør kontaktast. 2020-2022 tala er i stor grad tal som blir påverka av pandemien og det er usikkert i kor stor grad det er verdi å hente ut desse tala i denne samanhengen

Året 2024

Sektoren totalt hadde eit overforbruk på 2 850 000 kroner i 2024.

- Mindreforbruk på løn pga vakant nestleiar
- Vikarbyrå for lege på Valestrand legekontor 2,7 mill
- NAV sosial overforbruk på 3 750 000 hovudsakleg knytt til auke i sosialhjelpsutgifter
- 280,37 årsverk på 403 tilsette • Overtid, vikar og vikarbyrå 5,2 mill.
- Gruppe 5 på Osterøytunet opna i mars 2024. Dette gjorde at kostnadar til liggedøger og betaling av plassar i andre kommunar gjekk ned, men auke i kostnad på eige personell.
- Heimenesta hadde eit mindreforbruk på 0,9 mill. Heimenesta vart prioritert i budsjettprosessen for 2024. Dette ga heimenesta anledning til å iverksette ulike tiltak som har gjort at dei har klart å halde budsjettet sitt.
- Psykisk helse og rusomsorg og Bu- og avlastningstenesta fekk mindreforbruk på bakgrunn av ekstrabevilgning frå staten på ressurskrevjande brukarar.

Året 2025

Tertialrapporten vil bli lagt fram og den vil sei noko om prognose og vurderingar som blir gjort for helse, omsorg og sosial.

Vurdering om "situasjonen" har endra seg:

Det kan sjå ut til at ein del av dei drivarane som låg inne i 2023 ikkje har gått over i 2024 i like stor grad, som til dømes vikar/overtidsutgifter generelt og utgifter knytt til vikar på legekontor. Det er heller ikkje dei same utgiftene knytt til liggedøger på sjukehus/kjøp av plassar i andre kommunar.

Det er ei auke i tal årsverk i heimetenesta og Osterøytunet på bakgrunn av overgang til årsturnus, og det har ført til mindre behov for ferievikarar. Den største endringa i årsverk ligg til bu- og avlastingstenesta på grunn av oppretting av butiltak til brukarar som har 1:1, 2:1 eller 3:1 bemanningsbehov. Det har og vore auke i bemanning innan NAV mellom anna på bakgrunn av større saksmengd i samband med auka tal sosialsøknadar i Osterøy kommune.

Det kom auke i inntekt på bakgrunn av ekstra bevilgning frå staten på ressurskrevjande brukarar.

Det har vore fokus på forvaltning og det er mellom anna utarbeidd nye kriterier for tildeling av tenester. I tillegg er forvaltningstenesta styrka med ein medarbeidar. Samla sett har tal tildelte timar i helse og omsorgstenestene gått ned på bakgrunn av dette arbeidet.

Bruk av digitale køyrelister i heimetenesta gjer at køyreruter blir optimalisert i forhold til rett kompetanse på rett plass. Dette kan i nokre tilfelle føre til auka køyremengd, men forsvarlege tenester.

Helse og omsorgstenester er i stadig endring gjennom året. Det er ikkje forutsigbart kva tenesteyting som skal skje gjennom eitt år. Døme på det er ei ulykke, ein tilflyttar med store behov eller pandemi/postpandemi som kan føre til store tiltak som krev store ressursar, noko som vi har erfart i åra etter 2020.

Om desse endringane mellom 2023 og 2024 er store nok til å ha påverknad på effekten frå 2023 til 2024 er vi usikre på. Men over er det gjort nokre refleksjonar på dei endringane som kan gjere at det blir påverknad på effekt.

Representanten Herdis Helle(Ap) har stilt følgjande spørsmål:

I saka om omstilling som Opro presenterete i strategisamlinga med formannskapet er det synt til eit mandat kommunedirektøren har gitt Opro for å vurdere tettare samarbeid med arbeidsintegreringsbedriftene i Nordhordland.

Kan ordføraren gjere greie for

1. kva kommunale oppgåver – som Opro ikkje løyser i dag – kommunedirektøren meiner skal løysast i dette tettare samarbeidet, og

2. kven som løyser desse oppgåvene i dag, vert dei løyst i kommunal eigenregi, av NAV eller er dette oppgåver kommunen i dag kjøper i marknaden

Svar på spørsmåla: Vekst bedriftene i Norhordland og på Osterøy har ei felles utfordring. Dei er relativt små og har lite administrative ressursar, og eller tilstrekkelege faglehgs kompetanse. Dei skal konkurrere og sikre seg oppdrag i ein marknad. NAV set krav til kompetanse og kapasitet for dei verksemdene som skal tilby arbeidstrening og rehabilitering til arbeidslivet. Det er få av verksemdene som i dag kan vere med å konkurrere om slike oppdrag. Dei fleste verksemdene står då igjen med VTA plassar (Varig tilrettelagt arbeid) og dagtilbod. Begge desse områda er særskild arbeidskrevjande, og det er vanskeleg å få til ei effektiv drift.

Bakgrunnen for mandatet og vurderinga av eit mogeleg samarbeid mellom Vekst bedriftene er å sikre at dei har naudsynt kompetanse for å kunne levere dei tenestene leverer i dag. Osterøy kommune har ikkje budsjett til å kjøpe nye eller meir tenester frå Opro AS. Tvert i mot tenkjer vi at noko av det tilbodet vi kjøper frå Opro AS i dag som dagtilbod, må vi løyse i eigenregi då det vert rimelegare. Vaskeritenester tenkjer vi å framleis kjøpe frå Opro AS.

Skal Opro AS kunne levere VTA plassar også i framtida må dei sikre seg eit driftsgrunnlag uavhengig av tilskot frå Osterøy kommune.

Representanten Herdis Helle (Ap) har stilt følgjande spørsmål:

Er kommunen komne så langt i førebuingane til konkurransen at det er prekvalifisert tilbydarar som skal få delta?

For det tilfellet at svaret er ja, kven er dei prekvalifiserte?

For det tilfellet at svaret er nei, er det utsikter til at kommunen klarer å lyse ut pris- og designkonkurransen før dette møtet, og når er det i tilfelle planlagt at utlysing vil kome?

Svar på spørsmåla: Alle dokument for pris og design konkurransen er ferdig utarbeidd og ligg klar til å bli sendt ut, og skulle sendast ut førre veke (veke 41). Utsendinga vart stoppa tysdag 7.10 med grunnlag i krav om sak.

Proessen i tilbudsførespurnaden er først omgang ei prekvalifisering, med svar 30 dagar etter utlysing. Deretter ei utveljing av dei som blir prekvalifisert. Før ein inviterer dei 3-4 som skal få gi tilbod.

Representanten Kjersti Vevatne har stilt følgjande spørsmål:

Kan kommunedirektøren / administrasjon sjå over teksten under og sei om denne er relativt lik det som er tenkt som Osterøy sin prosess når det gjeld Omsorg Pluss? Og dersom det som er skissert under liknar den prosessen Osterøy skal ha; stemmer det at vi er ferdige med fase 0, og er i ferd med å gå inn i fase 1 av 4?

Teksten under er ikkje setningar eg sjølv har skreve, men eg har beint fram spurt ChatGPT om kva ein typisk kommunal prosess vil vere for bygging av eit slikt tenestetilbod, og ei presisering av kva vedtak og dokument ein kan forventa.

Her er en oversikt over typiske trinn i prosessen for å realisere et omsorg+ bygg (med sykehjemsplasser og bemannede leiligheter) i en norsk kommune, fra konkurranse til ferdig bygg:

0. Idé og behovsavklaring • Behovsvedtak i kommunestyret o Politisk beslutning om å starte prosjektet. o Dokument: Behovs- og mulighetsanalyse. • Finansieringsramme o Vedtak om budsjett og finansieringsmodell (kommunale midler, tilskudd fra Husbanken). o Dokument: Økonomiplan.

1. Pris- og designkonkurranse • Formål: Finne den beste kombinasjonen av arkitektonisk løsning og kostnadseffektivitet. • Prekvalifisering: Dette er en utvelgelsesfase før selve konkurransen, der interesserte arkitektfirmaer (ofte i team med rådgivere og entreprenører) dokumenterer: o Kompetanse og erfaring fra tilsvarende prosjekter. o Kapasitet og økonomisk soliditet. o Referanseprosjekter og nøkkelpersoners CV. Kun de best kvalifiserte (typisk 4–6 team) får levere forslag i konkurransen. Prekvalifisering sikrer seriøse aktører og reduserer risiko for byggherre[1]. • Konkurransfasen: De prekvalifiserte leverer skisser og konseptforslag basert på et konkurranseprogram med krav til: o Funksjonalitet (omsorgsboliger, sykehjem, fellesarealer). o Universell utforming, miljøkrav, kostnadsramme. Juryen vurderer anonymiserte forslag og kårer en vinner[2]. o Valg av vinner, basert på arkitektur, funksjon og kostnad o kommunen avgjør om man går videre med prosjektet

2. Samspillsfase • Formål: o Optimalisere løsninger for funksjon, kostnad og kvalitet. o Redusere risiko før byggestart o Avklare kontraktsform og kostnadsramme. • Hva er samspill? En samarbeidsmodell der byggherre, arkitekt, entreprenør og rådgivere jobber tett fra tidlig fase. Kjennetegn: o Tidlig involvering av alle parter. o Åpenhet om kalkyler og risiko. o Felles mål og insentiver (bonus/malus) for kostnad, kvalitet og tid[3][4]. • Innhold i fasen: o Utvikling av detaljert rom- og funksjonsprogram. o Optimalisering av løsninger for drift, energi og materialbruk o Fastsettelse av målsum (kostnadsramme) og gjennomføringsavtale. o Risikofordeling og kontraktsfesting av incitament[5]. o Dokument: Forprosjektrapport og kalkyle/risikovurdering o Kommunen godkjenner at prosjektet går videre til detaljprosjektering og bygging (forprosjektvedtak)

3. Prosjektering og byggestart • Etter samspillsfasen går prosjektet over i detaljprosjektering og deretter utførelsesfasen. • Kontrakt for utførelse inngås - totalentreprise eller annen modell (Gjennomføringsavtale) • Vinnerteamet (arkitekt + entreprenør) har typisk disse rollene: o Arkitekt: Leder prosjektering, sikrer at designintensjon og funksjonskrav opprettholdes. o Entreprenør: Utfører byggingen, ofte som totalentreprenør. o Arkitekten følger opp under bygging med kontroll av tegninger, endringer og estetiske/bruksmessige kvaliteter[6]. • Byggestartsvedtak (politisk eller administrativ).

4. Ferdigstillelse og overlevering • Sluttkontroll, prøvedrift og overlevering til kommunen. Overtakelsesprotokoll • Ofte etterfulgt av en garantiperiode der entreprenør og arkitekt bistår med feilretting og evaluering.

Svar på spørsmåla: Fase 1: • Denne fasen vert avslutta med ei politisk sak for avgjersle av vidare prosess, altså om ein skal gå vidare til fase 2 Samspelfase. Dersom vi held på opprinneleg framdriftsplan kjem denne saka opp i juni 2026.

Fase 2: • Her ligg det nokre underpunkt som vi planlegg å gjera litt annleis: • Felles mål og insentiver (bonus/malus) for kostnad, kvalitet og tid[3][4]. • Fastsettelse av målsum (kostnadsramme) og gjennomføringsavtale. • Risikofordeling og kontraktsfesting av incitamentar[5].

Vi legg opp til ein fastprisavtale etter at samspelsfasen er avslutta, og då utgår punkta over.

• Også denne fasen vert avslutta med ei politisk sak for avgjersle av vidare prosess, altså om ein skal gå vidare til fase 3 Prosjektering og byggestart (skrive kontrakt med entreprenør). Dersom vi held på opprinneleg framdriftsplan kjem denne saka opp omkring årsskifte 2026/2027.

Vedtak i Heradsstyret - 16.10.2025 av sak 98/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.